



Alle i båtlagsstyret tok attval på årsmøte i kveld. F.v: Jostein Hauso, Hans Gustav Mussland, Johan Sunde, Anja Struter, Leif Jarle Bergstø og Jan Henrik Hansen. Johnny Miljeteig var ikkje med då bilete vart teke.

Alle i styret i Uskedal Båtlag tok attval på årsmøte i kveld. Årsmeldinga skildrar eit godt og aktivt år der mange tiltak er løyste. Ny strandstove er på plass og det er grøfta og drenert langs hamna. Det vert arbeidd med å få lagt ny asfalt på plassen. Bygningsmassen er målt og det er utført eit flott arbeid med felling av trær langs Kyrkjevegen.

Aktivitetdagen brukte hamna og område rundt. Det har vore stor aktivitet på slippet og hamna er på det jevne godt besøkt. Båtlaget mottek mange positive tilbakemeldingar på drifta og slik hamna vert presentert i dag. Sterk vind og storm har påført skade på uteliggjar og gangbruk. Kostnadene er dekkja på forsikringa.

Rekneskapsrapporten syner inntekter på kr. 529.803,- Resultatet for 2017 syner eit underskot på kr. 267.371,- grunna store kostnader og vedlikehald på båthamn og utstyr. Underskotet er dekkja inn av opptent eigenkapital frå tidlegare år. Ved nyttår hadde laget innskot i bank på kr. 39.822,- og lån i SR-bank på kr. 564.237,-

Styret for 2018:

- Hans Gustav Mussland - leiar
- Anja Struter (har vore kasserar)
- Jostein Hauso - styremedlem
- Jan Henrik Hansen - styremedlem
- Johnny Miljeteig - styremedlem
- Johan Sunde - varamedlem
- Leif Jarle Bergstø - varamedlem

Meir om tiltak som skal gjerast i 2018, kjem i eige innlegg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Båthamna riggar godt i hamnebilete med god drift og eit ryddig område.